



Kathrine Aven Sætre
Sundsbovegen 190
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2339 - 17/25821

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
11.09.2017

Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket gbnr 119/1 Sundsbø. Rydding av beite

Dokument:

Søknad om tilskot motteke 14.07.2016. Det føl med kostnadsoverslag og kart. Søknaden kom inn i 2016, men var liggande over til 2017 av di det var for lite pengar til alle tiltak som det var søkt på.

Søknaden:

Det vert søkt om tilskot til rydding av nytt beite for sau, samt å sette opp gjerde.

Det er to parsellar. Den eine har eit areal på 12,3da. Dette er gammalt beite som har vakse til med kratt og einer.

Den andre er målt på kartet og oppgjeve av søker til å vere 23da. Dette er utmark og har heller ikkje før vore dyrka. Arealet er delvis skogsmark av høg bonitet og delvis jorddekt fastmark.

Heile tiltaket er kostnadsrekna til kr.85500,-. Av dette er arbeid sett til 57500,-.

Det er søkt om kr.43750,- i tilskot.

Vurdering:

Kva tiltak som har rett på tilskot er nærare definert i kommunen sin «tiltaksstrategi for bruk av SMIL-midlar». Gjeldande strategi seier følgjande om tiltaket gamal kulturmark – herunder rydding av beite: omfattar vegetasjonstypar som er prega av oppdyrking, slått, brenning. Innmarksbeite og lynghei er viktige naturtyper. Utviding av eksisterande beitområde, samarbeidstiltak over fleire bruk.

Området det her gjeld er todelt. Det gamle beiteområdet fell definitivt inn under ordninga, medan dei 23da med utmark er meir i grenseland.

Sundsbø ligg ved enden av vegen. Areala er brattlendte og vender mot sjøen. Det er flott når desse areala er stelte og grønne. Det gjer eit fint inntrykk når ein kjem sjøvegen.

Kystlynghei er utvalgt naturtype, og truleg er det ein god del lyng i området der ein ynskjer å rydde nye beiter, men dei areala det her gjeld er ikkje registrert i naturbasen. Dette er naudsynt om ein skal få tilskot. Fleire andre søknader gjeld og rydding av beite i skog og utmark på område som ikkje før har vore beita. Kommunen har vore streng når det gjeld desse søknadane og har avvist dei. Dette er i samsvar med



reglane, men det skjer og fordi det kvar år kjem inn søknadar om tilskot for mykje meir pengar enn den summen kommunen har til disposisjon.

På bakgrunn av dette finn kommunen det rettast å avvise den delen av søknaden som gjeld rydding og gjerde i utmark, medan området som tidlegare har vore beite, kan få tilskot.

Vedtak:

Med heimel i forskrift om tilskot til SMIL §8, løyver Lindås kommune kr.20000,- til å sette opp gjerde og rydde gammalt beite på gbnr 119/1. Løyvinga er eit eingongstilskot. Frist for å gjere tiltaket ferdig vert sett til 01.11.2018.

Klagerett :

Vedtaket kan påklagast jfr forvaltningslova §§ 28 og 29. Klagen sendast kommunen som vurderer om klagen vert teke til følge. Dersom kommunen ikkje tek klagen til følge skal den sendast vidare til fylkesmannen med ein uttale. Fylkesmannen fattar endeleg vedtak i klagesaka.

Generelt om løyving av SMIL – midlar :

- Frist for gjennomføring er generelt 3 år viss ikkje det er sett ein spesifikk dato i vedtaket. Men det kan søkjast om utsetjing av arbeidsfristen utifrå grunngjeving, seinast 1 måned før fristen går ut. Men ikkje utover 5 år frå tilskotet vart løyvd. Løyvd tilskot kan trekkjast attende heilt eller delvis dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for ordninga jfr § 10 i forskrifta om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Utbetaling av tilskot:

- Utbetaling av tilskot skjer etter skriftleg oppmoding frå søker (saldokort) og når tiltaket har fått godkjent sluttregneskapet. Det kan også gjerast delutbetaling på bakgrunn av godkjent dokumentasjon etter kvart som delar av tiltaket er utført. Minst 25 % av tilskotet vert halde tilbake inntil arbeidet er fullført og sluttregneskap er godkjent.
- I søknad om sluttutbetaling skal det leggjast ved regneskap med timelister for eige og leigd arbeid, fakturaer for innkjøpt materialer og gjerne fotodokumentasjon.
- **Til utbetaling vil konto 6580 13 50830 verta nytta. Søklar pliktar å informera skriftleg om endring av kontonummer.**

Kommunen si rolle i gjennomføring av tilskotsordninga:

- Kommunen gjer vedtak og orienterer Fylkesmannen si landbruksavdeling om løyvinga.
- Førespurnad om delutbetaling eller sluttutbetaling skal rettast til kommunen.
- Søknad om utsetjing av arbeidsfrist skal rettast til kommunen. Det er viktig at ein søker om utsetjing i god tid før fristen går ut, minimum ein måned.

Kontroll:

- Kommunen tek synfaring og godkjenner etter at arbeidet er gjort etter planen.
- Fylkesmannen si landbruksavdeling kan også foreta synfaring på ferdige tiltak.De vil i såfall verta varsla på førehand.
- Kommunen, Fylkesmannen eller Riksrevisjonen kan krevja naudsynte opplysningar og kontrollera at bruken av tilskotsmidlane er i tråd med føresetnadane. Jfr § 9 i forskrift

Med helsing

Kjartan Nyhammer
landbrukssjef

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310 5020

BERGEN

Mottakarar:

Kathrine Aven Sætre

Sundsbovegen 190 5955

LINDÅS